

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2013

med vedlegg om høyringsfråsegner og medieoppslag m.v.

1. Innleiing

KVA OG KVEN ER FNF?

FNF er eit forum for natur- og friluftsansjasjonane i fylket med kontoradresse Sognefjordvegen 40 i Leikanger Næringshage.

ARBEIDSOPPGÅVER

- Vere ein nettverksbyggjar mellom organisasjonane.
- Oppmuntre til samarbeid på tvers av organisasjonane i samband med kurs, skulering og arrangement.
- Fokus på friluftsliv for alle og folkehelsearbeid.
- Kontinuerleg oppfølging av rullering av arealplanane og andre aktuelle planar i kommunane og fylkeskommunen. Gje organisasjonane varsel om rullering og utarbeide kortfatta informasjon om korleis dei skal gå fram og kva dei skal sjå etter. Passe på tidsfristar og varsle lag/organisasjonar.
- Vere ein pådrivar til at organisasjonane blir varsla om planarbeid og høyringar og oppfordre til samarbeid i samband med utsegner.
- Få organisasjonane til å rette merksemd på område som naturlandskap, vindkraft, vasskraft, kraftlinjer, vegbygging, utbygging av våtmarker, miljøreining, Naturmangfaldslova og Plan- og bygningslova.
- Halde årsmøte og fellesmøte for organisasjonane.
- Vere ein bindelekk mellom fylkesmannen/fylkeskommunen og organisasjonane.
- Gjere FNF kjent blant kommunane i Sogn og Fjordane.
- Arbeide for å få oppretta friluftsråd i Sogn og Fjordane.
- Verne om allemannsretten.
- Vere observant på motorisert ferdsel i utmark.
- Vere med å ta vare på strand- og kystsona.
- Påverke ved stortingsvalet.
- Oppfordre kommunane til kartlegging av stiar og snøggveggar i nærområda.
- Arbeide for merking av stiar og snøggveggar i nærområda og skilting av turløyper
- FNF kan skrive høyringsfråsegner på vegne av to eller fleire organisasjonar som i kvart tilfelle gir si tilslutning til dette.
- Arbeida for å klargjere moglegheiter for verneområde på kysten med fokus på landskaps-, natur- og kulturverdier.

UTVIKLING, RESULTAT OG UTFORDRINGAR

God utvikling med auka stillingsprosent – 2 tilsette i full- og deltidsstillingar 120% totalt og utviklingsmidlar til ein prosjektstilling i 50 % for 1-3 år - god aktivitet. Ordna økonomi, men nye utviklings-/prosjektavtaler må til for å sikra dette vidare. Viktigaste utfordringa er å sikre kompetanse og stabilitet for å få utvikle samarbeid med organisasjonane og støttefunksjonar vidare.

Dei største organisasjonane har fått utviklingsavtaler av ulik storleik gjennom fylkeskommunen til å styrke og vidareutvikle sitt arbeid. Naturvernforbundet har fått fast grunnstønad i tre år, noko som gjev ei halv stilling til fylkessekretær, grunna aktiv påverknad frå FNF. Organisasjonane er betre representert i regionalt planarbeid, gjennom FNF og med eiga deltaking.

Ei viktig utfordring er å vidareutvikle samarbeidet med organisasjonane og å arbeide breitt med å ta vare på vilkåra for friluftslivet og viktige naturområde, som for tida er pressa frå mange kantar.

FNF har levert fråsegner i nokre saker og elles i samarbeid med organisasjonar. Organisasjonane tek tak i fleire saker etter oppmoding frå FNF, og samfunnsengasjementet aukar totalt sett innan FNF. Engasjement og forståing for arbeidet med arealsaker kan og bør bli sterkare i fleire organisasjonar i fylket, både innanfor FNF og hjå andre. Arbeidet med å få fleire tilslutta organisasjonar held fram. Fokus på motorferdsle er viktig, men vi manglar konsensus her til å kunne gå breitt ut i media.

Nokre søknader om småkraftverk har fått avslag pga landskap og friluftsliv, og klage til OED har gitt betre løysing for m.a Erdal elvekraftverk.

Organiseringa av friluftslivet på lokalt nivå er meir fragmentert og tilfeldig enn for idretten. For vidare utvikling og samarbeid mellom friluftslivsorganisasjonane er dette ein utfordring. Samarbeid med fylkeskommunen og søknad om midlar til å kunne arbeida vidare med dette gav resultat og seint på året er midlar innvilga og kome på bok. Vi har no midlar til prosjektilsett i 50 % for eitt år, medan lovnaden om 3 år er politisk betinga. Regionale utviklingsmidlar er skore ned generelt.

2. Saker

VIKTIGASTE SAKER

Grunnfinansiering av organisasjonar og FNF, samt finansiering av prosjekt gjennom regionale utviklingsmidlar gjennom fylkeskommunen. FNF, SFT, NJFF og 4H har fått slike avtaler av ulik storleik, medan NVF har fått auka sin grunnfinansiering til no å kunne løna ein fylkessekretær i 50% stilling. Det var eit viktig og naudsynt løft, der FNF har bidrege positivt i prosessen.

Einar Skram Husabø har halde fram med etterarbeidet med løypemerkingsprosjektet som Gjensidige løyvde 10 mill. kroner til dei foregåande 2 år. Rapporteringar og utbetalingar held framleis fram. Prosjektet gav eit ekstra tilskot i merkingssamanheng, men også økonomisk for FNF. Det sette oss i stand til å kunne utvida stillingsprosenten utover 100% frå 2011. Noko som har virka stabiliserande på dei tilsette.

FNF har vore representert i administrativ arbeidsgruppe for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og har vore med i referansegruppa for regional transportplan. Arbeidet med Regional plan for fysisk aktivitet m.m har vore omfattande med tett møteverksemd gjennom året. Planen vart politisk vedteke med kun to mindre tillegg, noko som er svært tilfredstillande for arb.gruppa. Organisasjonane har delteke på dialog- og temamøte knytt til planarbeidet og gav viktige innspel.

FNF har vore med i referansegruppa for Regional Transportplan, eit arbeid som gav lite resultat eller høve til det, mykje grunna knappe vegbudsjett, stort etterslep og trong for rassikring. Kommunale planer og arbeid inn mot sykkel, sti- og løypeplanar vert arbeid med og nokre organisasjonar jobbar godt med dette. Innan Vassforvaltning på vassregion- og vassområdenivå er FNF, SFT, NVF og NJFF med i referansegruppa for SF Vassregion. Organisasjonane er og aktive på vassområdenivå, inklusive Kystlaget Hornelen. Sjødeponi i Førdefjorden vert framleis ei viktig sak, samt arealsaker i sjø i fleire kommunar og spesielt i Førde og Naustdal.

Arealsaker og saker knytt til utbygging av fornybar energi som vass- og vindkraft vert kontinuerleg jobba med. FNF har ilag med nokre av organisasjonane delteke på folkemøte, synfaringar og nokre organisasjonar har levert høyringsfråsegner til nær dei fleste av desse sakene av verdi for natur og friluftslivet.

Klagesaker og innspel i høve motorisert ferdsel i utmark vert jobba med i felles og enkeltvis. Motorferdsle, arealsaker, kystlandskap og regionalt planarbeid er elles viktige felt det har vore samarbeid om. Vi treng likevel å styrke arbeidet i fleire organisasjonar på dette området, då engasjementet rundt dette arbeidet er svært ulikt og ujamnt i dei enkelte FNF-organisasjonane.

HØYRINGSFRÅSEGNER

FNF har levert fråsegner i 2013:

Kommunale, fylkeskommunale planar og vassregion:

20.03	Media	Kronikk i lag med SABIMA Bygging av fornybar energi ute av kontroll
12.04	SFFK	Fråsegn til Regional Transportplan
23.04	SFFK	Høyringsfråsegn til regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, tekstdel
14.05	Statnett	Brev til Statnett vedr. Nettutviklingsplan 2014
25.09	SFFK	Høyringsfråsegn til høyr.utkast Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
21.10	Luster kommune	Høyringsfråsegn til Planprogram til kommuneplanen sin arealdel 2014-2025
31.10	Buskerud FK	Høyringsfråsegn Regional plan for Nordfjella med Raudafjell

FNF har levert 13 fråsegner for organisasjonane i 2013, samt noken generelle innspel på folkehelse og friluftsliv.

FNF har gitt tilskot som er tildelt frå Frifo og fylkeskommunen, slik at representantar frå organisasjonane har hatt moglegheit til å delta på faglege samlingar/seminar, folkemøte og synfaringar.

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernutvalet har levert totaltal fråsegner i 2013 (2012-tal i parantes): 32 (40)

Naturvernforbundet har levert fråsegner i 2013 (2012)-tal i parantes: 29 (32)

Naturvernforbundet har levert 1 pressemelding til arealsak og skrevet vel 10 aktuelle avisinnlegg.

NJFF Sogn og Fjordane har levert fråsegner og plansaker i 2013 (2012): 3 (12)

MØTER

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
8.1	Adm.arbeidsgruppe FK Reg.plan FIF på Leikanger	Elisabeth
22.1	FNF AU-møte på Skei	Elisabeth
26.1	SFT Årsmøte i Førde	Elisabeth , SFT
31.1	DNT Vest møte i Bergen	Elisabeth
5.2	Idedugnad, møte om Aurlandsdalen i Aurland	Elisabeth, Jørgen Bruheim SFT
13.2	DNT Vest-møte i Oslo	Elisabeth, Marino Ask, Alvar Melvær, SFT
14.2	Flora kommune, infomøte: Reguleringsplan Florelandet nord, Florø	Alvar Melvær
18.2	FK møte om utviklingsavtale FNF i Førde	Elisabeth, Lars Olav Rylandsholm, F.Kysten
26.2	Adm.arbeidsgruppe FK Reg.plan FIF på Skei	Elisabeth
2.3	Temaseminar Friluftsliv, Reg.plan FIF på Sandane	Elisabeth, Alvar Melvær SFT, Åge Avedal 4H
4.3	FNF/DNT Vest møter i Bergen	Elisabeth
5.3	Statnett kraftsystemmøte / DNT Vest møte i Bergen	Elisabeth, Ron Overdevest SFT, Alvar Melvær SFT
6.3	Temaseminar Folkehelse , Reg.plan FIF i Førde	Elisabeth, SFT Alvar Melvær
6.3	FNF Årsmøte i Førde	Elisabeth +AU, DNT-/ NJFF-representant
11-12.3	FNF-samling på Granavollen	Elisabeth
13.3	Sumeffektseminar i Oslo	Elisabeth
16.3	Årsmøte Naturvernforbundet i Førde, Seminar/Aksjon Vevring	Elisabeth, NVF, SFT
3.4	Temaseminar Fysisk aktivitet, skule, anlegg Reg.plan FIF Sogndal	Elisabeth
4.4	Telefonmøte DNT Vest	Elisabeth
8.4	Kurs Naturmangfoldloven SABIMA i Sogndal	Elisabeth, SFT, NVF, NJFF +
9.4	Adm. Arbeidsgruppe FK Reg.plan FIF i Førde	Elisabeth
11.4	Dialogmøte FK Reg.plan FIF på Skei	Elisabeth, Marino SFT, Alvar SFT, Morten Jakobsen NJFF
15.4	DNT Vest møte i Oslo	Elisabeth
16.4	Vassdragsseminaret 2013	Elisabeth
18.4	Nrk Vestlandsrevyen i Stryn, Breheimen vassdragsutbygging/vern	Elisabeth
24.4	Adm.arbeidsgruppe FK Reg.plan FIF på Leikanger	Elisabeth
25.4	Referansegruppa vassregionmøte på Skei	Elisabeth
29.4	Vassområde Nordfjord, møte om vassdragsreguleringer i	Alvar Melvær SFT, Lars Olav Rylandsholm

	Bremanger, Svelgen.	F.Kysten, Thorleif Jakobsen NVF
30.4	Innlegg Energi- og miljøkomiteen OED på Sandane	Elisabeth
6.5	Telefonmøte DNT Vest	Elisabeth
22.5	Adm.arbeidsgruppe FK Reg.plan FIF på Leikanger	Elisabeth,
3.6	DNT Vest-møte i Bergen	Elisabeth
11.6	Telefonmøte DNT Vest	Elisabeth
11.6	FNF AU-møte på Skei	Elisabeth, AU
12-14.6	Landskonferanse Friluftsliv i Sandefjord	Elisabeth
18.6	Adm.arbeidsgruppe FK Reg.plan FIF på Leikanger	Elisabeth
21.6	Vassområdemøte Nordfjord på Sandane	Elisabeth
21.6	20-års jubileum Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, Fosnes i Stryn	Alvar Melvær
16-17.8	Vassdragstreff i Vigdalen, Jostedalen Luster	Elisabeth, NVF, SFT
19.8	FNF AU-møte på Skei	Elisabeth + AU
26.8	Adm.arbeidsgruppe FK Reg.plan FIF på Leikanger	Elisabeth
27.8	Møte m/NVF fylkessekretær Lin Finjord, møte m/ Astrid + Alvar SFT, Dialogmøte på Skei Reg.plan FIF	Elisabeth, Alvar Melvær SFT, Reidun Seim Solberg NJFF
10.9	Sjumilssteget, møte frivillige org og FM i Førde	Elisabeth FNF, repr. Røde Kors
8.10	Møte adm.arb.gruppe på Skei innspela til Reg.plan FIF	Elisabeth
14-15.10	FNF-samling på Granavollen	Elisabeth, Marit Vøien Nes, AU/ NVF
22.10	Adm. Arbeidsgruppe FK Reg.plan FIF i Førde	Elisabeth
22.10	FNF AU-møte på Skei	Elisabeth, AU
2-3.11	SFT Fellesmøte på Sandane, innlegg	Elisabeth, SFT
8.11	FNF Intervjumøter i Førde	Elisabeth, Lars Olav Rylandsholm F.Kysten, Bjarne Huseklepp NJFF
11.11	FK Møte med Joar Helgheim i Førde, planl. FNF Fellesmøte	Elisabeth, Joar Helgheim
15-16.11	FNF Fellesmøte i Førde	Elisabeth, AU, FL Morten, FK Joar ++
20.11	Hardangerfjordseminaret	Morten Jacobsen NJFF

FOLKEMØTER, SYNFARINGAR, REPRESENTASJON og KURS

Seminar/representasjon/synfaringar

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
28.1	NVE Folkemøte 132 kV-linje Ytre Nordfjord. Svelgen	Alvar Melvær SFT
11.2	Småkraft AS, folkemøte Kraftutbygging i Fossedalen, Askvoll.	Alvar Melvær SFT
25.2	Møte Keipen Turlag + grunneigarar: 132 kV-linje Ytre Ring Nordfjord, Svelgen	Alvar Melvær SFT
13.3	Sumeffektseminar i Oslo	Elisabeth
16.4	Vassdragsseminaret 2013	Elisabeth
24.4	NINA. Intervju-møte om sakshandsaminga 420 kV-linja Fardal-Ørskog	Alvar Melvær
6.5	Førde kommune, Folkemøte om vegplan sentrumsomr. i Førde	Alvar Melvær
6.5	NVE Folkemøte i Vik 132 kV line Feios-Hove i Vik	Elisabeth, Karen Wichert VikT
7.5	Artsdatakurs hos FM på Leikanger	Elisabeth, Ron Overvest SFT, Ove Eliassen NVF
22.5	DNT. Naturfilosofisk seminar i Oslo, verdiar og makt i naturdebatten.	Alvar Melvær
29-30.5	Kommunikasjon, seminar Naturviterne i Hurum	Elisabeth,

15.8	NVE Folkemøte i Øvre Årdal, Fardalen Kraftverk	Elisabeth, Jørgen Bruheim SFT
3.9	NVE Sluttsynfaring Klauva og Litlevatnet Kraftverk i Flora	Alvar Melvær
4.9	NVE Sluttsynfaring Hestedalsvatnet og Grønskredvatnet i Flora	Alvar Melvær
11.9	Eigen synfaring: 4 småkraftverk i Veitastrond, spesielt Storelvi nedre	Alvar Melvær
13-14.9	FNF Tilskuddskurs for organisasjonane på Skei	Elisabeth, SFT, N Speiderf., idrett, kommune, frivilligsentral
17.9	NVE Sluttsynfaring Øvre Agledal Kraftverk i Flora	Alvar Melvær
18.9	NVE Sluttsynfaring Langedal og Løkkebø Kraftverk i Flora	Alvar Melvær
20.9	NVE Sluttsynfaring Steindal Kraftverk i Flora	Alvar Melvær
23.9	Buskerud FK Reg.plan Nordfjella med Raudafjell villrein i Aurland	Elisabeth, Jørgen Bruheim SFT
24.9	Debattmøte om Sognefjorden og fisketom fjord i Sogndal	Elisabeth, Morten Jakobsen Vik JFF
26.9	NVE Sluttmøte i Selje Orkla Vindkraftverk for NVF	Elisabeth NVF, Alvar Melvær SFT
26.9	FK Kurs om Spelemiddelsøknader i Sogndal for friv.org	Elisabeth
10.10	NVE Sluttmøte Guleslettene Vindkraftverk, Svelgen i Bremanger, Igland i Bremanger	Elisabeth, Alvar Melvær SFT
11.10	NVE Sluttmøte Hennøy + Bremangerlandet Vindkraftverk	Elisabeth
22.10	NVE Sluttsynfaring Breim Kraftverk i Gloppen	Alvar Melvær
28-29.10	Miljødirektoratet, FK, FM, FNF Fagsamling på Hell	Elisabeth
30.10	NVE Sluttbefaring Ugulsvik Kraftverk, Luster Veitastrond	Elisabeth
31.10	NVE Sluttbefaring Kjerringnes Kraftverk, Storelvi Øvre+Nedre	Elisabeth, Jørgen Bruheim SFT
31.10	OED-klagesynfaring Lidal Kraftverk, Romøyri Kraftverk og 132 kV-linja Lidal-Grindsdalen i Fjærland i Sogndal og i Leikanger	Alvar Melvær
4-5.11	FRIFO/FNF Seminar Vestlandet i Bergen	Elisabeth, Thomas Sveri +
15.11	Energiseminar dropp-in i Førde NVF / FNF	Elisabeth, NVF +, Alvar Melvær SFT +
4.12	Naturmangfoldloven seminar FRIFO SABIMA	Elisabeth, Jon Farestveit NVF

Styrings- og referansegrupper

Emne	Stad og aktivitet	Deltakarar
Vassdrag	Nasjonalt senter for verna vassdrag, Gaular, fagleg innspelsmøte	Elisabeth Dahle
Villrein	Regional plan for Nordfjella villreinområde	Jørgen Bruheim SFT, Elisabeth Dahle
Landskapsvern	Naustdal-Gjengedal landskapsvernopråde, arbeidsgruppa	Erik Solheim NVF
Landskapsvern	Fylkesmannen, Ålfotbreen landskapsvernopråde, forvaltningsplan	SFT Alvar Melvær,
Landskapsvern	Jostedalsbreen nasjonalpark, rådgivande utval	Jon Farestveit NVF
Landskapsvern	Jotunheimen og Utladalen nasjonalpark, rådgivande utval	Jon Farestveit NVF
Regional plan fys. aktivitet, idr., friluftsliv	Administrativ Arbeidsgruppe FIF, SFFK Førde/Leikanger/Skei Temaseminar: Sandane, Førde, Sogndal	Elisabeth Dahle, FNF
Vassregion Sogn og Fjordane	Referansegruppe, regional	Elisabeth Dahle FNF, Naturvernforbundet; Jon Farestveit, SFT; Alvar Melvær, Halvard Hovland NJFF
Regional Transportplan	Administrativ Referansegruppe, SFFK Leikanger	Elisabeth Dahle, FNF

INFORMASJON

FNF Sogn og Fjordane har 25 treffpunkt på Opoint si medieoversikt 2013.
Sjå vedlegg for oversikt over emne og i kva medie.

ARRANGEMENT

FNF har i året arrangert årsmøte og fellesmøte.
FNF arrangerte i lag med Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane eit åpent Energiseminar i Førde 15 november.

3. Organisatorisk

TILSLUTNINGSERKLÆRINGAR

Desse organisasjonane har signert erklæring:

- 4H Sogn og Fjordane
- Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen
- Sogn og Fjordane Turlag
- NJFF Sogn og Fjordane
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Norges Speiderforbund Sogn og Fjordane
- Fortidsminneforeininga i Sogn og Fjordane
- Klatreklubbane i fylket ved Sogndal klatreklubb

Hausten 2013 meldte 4H seg formelt ut av FNF, men ønsker å halda fram samarbeidet utan tilslutningserklæring.

ARBEIDSUTVAL

På årsmøtet 06.03.2013 vart dette arbeidsutvalet (med varamedlemar) oppnemnd av organisasjonane:

4H Sogn og Fjordane -
vara -

Norges Jeger- og Fiskerforbund – Bjarne Borgfinn Huseklepp
vara - Per Norstein

Sogn og Fjordane Turlag - Marino Ask
vara - Egil Loftesnes

Naturvernforbundet - Marit Vøien Nes
vara - Haakon Breien

Kystlaget Hornelen for Kystlaga - Lars Olav Rylandsholm
vara – Svein Ove Ask

Sogndal klatreklubb for klatreklubbane/miljøa – manglar no representant

Fortidsminneforeningen har ein open plass i AU, men har ikkje kapasitet til å delta/stille medlem i AU førebels.

Marino Jan Ask vart utpeika til leiar på eit seinare møte i AU, etter Lars Olav Rylandsholm.

Arbeidsutvalet har hatt 4 møter, samt jobba med bruk av epost og telefon.

ADMINISTRASJON

Elisabeth Dahle har vore tilsett som FNF-koordinator i 100% stilling.

Einar Skram Husabø har vore tilsett som rådgjevar på timebasis frå oktober 2012, ca 10-15% stilling med oppfølging av Gjensidige løypemerkingsprosjektet, rekneskap i FNF.

Noregs Jeger- og Fiskeforbund Sogn og Fjordane har arbeidsgivaransvaret.

ÅRSMØTE

Årsmøtet vart halde 06.03.13 på Sunnfjord Hotel og 13 deltakarar møtte.

Sogn og Fjordane Turlag 2 deltakar.

NJFF Sogn og Fjordane 2 deltakar.

Naturvernforbundet 3 deltakar.

Kystlaga 1 deltakar

4H 3 deltakarar

FNF koordinator

FNF nasjonal styringsgruppe 2 deltakar

Referat er sendt ut og ligg også på nettsida.

FELLESMØTE

Førde 15.-16.11.2013 med totalt 19 deltakarar og gjester.

Naturvernforbundet 5 deltakar.

Sogn og Fjordane Turlag 3 deltakarar.

NJFF Sogn og Fjordane 2 deltakar.

Forbundet Kysten 1 deltakarar.

Friluftsrådernes Landsforbund 1 deltakar.

SABIMA koordinator vannforvaltning 1 deltakar.

Nordfjord vassområde 1 deltakar.

Sunnfjord vassområde 1 deltakar.

Journalist, freelanskomikar 1 deltakar.

Fylkeskommunen, plan og samfunn 1 deltakar.

FNF 1 deltakarar.

Tema:

Vassforvaltninga, status og arbeidet framover. Grep for betre medverknad, kva vert org. viktigaste rolle framover.

Informasjon om vassområda sine forslag på tiltak for betre vassmiljø. Kva bør org. Vite? Bør org. meine noko, gjere noko?

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Målsetjingar, tiltak, handlingsprogram i høve organisasjonane.

FK styrkar organisasjonane økonomisk og utfordrar desse til å styrka deira virke vidare.

Arbeidsøkt med gruppearbeid. Oppsummering og diskusjon.

Friluftsrådernes landsforbund. Korleis jobbar friluftsråda, samarbeid med frivillige organisasjonar og med kommunane.

«Min kamp» - korleis han sjølv kom i gang og vart fysisk aktiv.

Kva grep må til for å få fleire ut i naturen.

Samarbeid og felles satsing framover.

Årsplan 2014

Strategiplan 2014

Budsjett 2014

Referat er sendt til organisasjonane.
Referatet saman med innlegg vert lagt ut på nettsida.

4. Økonomi

Frifo og Sogn og Fjordane fylkeskommune gir tilskot til drifta av FNF. Økonomien i organisasjonen er ordna og god.

TILSKOT – 2013

	Tilskot	Type
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	180 000	Drift
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	300 000	Prosjekt utviklingsavtale
Frifo – driftsstøtte	485 137	Drift
Frifo Friluftslivets veke	20 000	Annonsering
Sum tilskot	985 137	

Leikanger, februar 2013
FNF Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle
koordinator